

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP

0030 OSLO

Vår dato: 11.07.2018
Vår ref: 2011/3642 - 15442/2018 / Q10
Dykkar ref:

Deltaking i pilotprosjekt om vegprising

Stord kommune har over lengre tid arbeidd saman med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune om utvikling av vegnettet i kommunen. Ein har difor fått utgreidd ein bompengepakke kalla Stordpakken. Målsetjinga er å gjere regionsenteret og bysentrum lettare å kome til og fra, samt betre tilgjenge og trafikktryggleiken mellom dei ulike bydelane.

Stordpakken inneheld ei prosjektlister med seks prosjekt på E39 og fylkes- og kommunalt vegnett. Dei ulike prosjekta har eit samla omfang på ein mrd. kroner, delvis finansiert gjennom bompengar. Prosjekta har hovudfokus på utbetring av dagens veg med etablering av tofelts veg med gul midtstripe for å sikre trygg framkomst for køyretøya, samt å skilje mjuke trafikantar frå vegen ved å etablere gang- og sykkelvegar.

For å oppnå rettferdig innkrevjing som ikkje har konkurransevridande verknadar internt i kommunen, er det lagt fram eit system med fire soner og åtte bomstasjonar.

Tidlegare i prosessen har formannskapet vore uroa over dei høge innkrevjingskostnadane som knyt seg til opprettinga av eit slikt system. I samband med handsaming av prinsippvedtak i Stord kommunestyre 21.06.2018, er det kome fram at kostnadane for etablering av kvar bomstasjon truleg vil koma på omlag fem mill. kroner, medan drifta vil kosta mellom to og fire mill. kroner årleg. Samla sett vil dette gje ein kostnad på mellom 280 og 520 mill. kroner over innkrevjingstida på 15 år. Dette vil utgjera ein svært høg kostnad høvesvis dei prosjekta som skal finansierast av bompengepakken.

Kommunestyret gjorde på bakgrunn av dette følgjande vedtak:

Kommunestyret verdset det arbeidet som er gjort med Stordpakken til no, og meiner prosjekta i pakken vil vera viktige for å vidareutvikla infrastrukturen i Stord kommune.

Kommunestyret vil peika på følgjande spesielt viktige prosjekt som bør prioriterast høgst i det vidare arbeidet:

- *Nytt tverrsamband frå Tysevegen til Sæ*
- *Litlabøvegen*
- *Nytt kollektivknutepunkt i Leirvik sentrum og rundkøyring utanfor Leirvik skule*
- *Rundkøyring i Tveitakrysset*

Kommunestyret vil avventa å søkja om delvis bompengefinansiering av Stordpakken, og viser til dei høge kostandene med etablering og drift av bomstasjonane.

Kommunestyret vil be rådmannen undersøkje moglegheita for at Stord kommune kan delta i eit pilotprosjekt på ein betre og mindre kostnadskrevjande innkrevjingsmåte, som t.d. gps basert vegprising.

Kommunestyret bed rådmannen arbeida vidare med dei ovanfor prioriterte prosjekta i Stordpakken, og søkja fylke og stat om midlar til trafikksikring, punktutbetring og planlegging.

Kommunestyret føreset at Hordaland fylkeskommune sitt ansvar for etablering av nytt kollektivknutepunkt og oppgradering/trafikksikring av fylkesvegnettet gjeld uavhengig av innføring av bompenggeinnkrevjing.

Stord kommune er kjent med at Vegdirektoratet greier ut vegprising som eit alternativ til tradisjonelle bomstasjonar. Stord kommune ber om fortgang i utgreiingsarbeidet, og melder med dette interesse for å delta i pilotprosjekt om utprøving av vegprising.

Med helsing

Jakob Bjelland
varaordfører

Magnus Mjør
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN
Gaute Straume Epland

Postboks 444
Postboks 7900
Postboks 8142 Dep

STORD
BERGEN
OSLO

Vedlegg:

1 STORDPAKKEN - FRAMLEGG TIL DELFINANSIERING MED BOMPENGAR

